

Møteprotokoll

Utvalg: Breheimen nasjonalparkstyre

Møtested: Loen

Dato: 18.03.2022

Tidspunkt: 10:00 - 14:30

Følgende faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Jo Trygve Lyngved	Nestleiar	Skjåk Almenning
Rolv Enersvold	Medlem	Lom kommune
Marianne Bugge	Medlem	Luster kommune
Per-Gunnar Sveen	Medlem	Innlandet fylkeskommune

Følgende medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
Sonja Øvre-Flo	Medlem	Vestland fylkeskommune
Edel Kveen	Styreleiar (valgt til styreleiar på dette møtet)	Skjåk kommune

Følgende varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
Mark Taylor	Sonja Øvre-Flo	Vestland fylkeskommune

Merknader

Edel Kveen deltok på avklaringsmøte i etterkant av styremøtet. Per-Gunnar Sveen deltok ikkje på avklaringsmøte.

Fra administrasjonen møtte:

Navn	Stilling
Stein Grevrusten	Nasjonalparkforvalter
Trygve Snøtun	Nasjonalparkforvalter
Liv Byrkjeland	SNO Breheimen
Øyvind Angard	SNO Breheimen

Underskrift:

Vi bekrefter med underskriftene våre at det som er ført på de sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som ble vedtatt på møtet.

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 1/22	Godkjenning av innkalling og sakliste - val av to medlemmar til å skrive under protokoll saman med styreleiar		
ST 2/22	Sak - Breheimen nasjonalparkstyre - Val av ny styreleiar frå 2022 - 2023		2020/215
ST 3/22	Sak - Mørkridsdalen LVO - Søknad om tilbygg på sel - Dulsete - Per-Arvid Hauge		2021/8929
ST 4/22	Sak - Mørkridsdalen LVO - Søknad om oppsetting av bru/klopp på Dulsete - Kåre Moen		2022/1061
ST 5/22	Sak - Breheimen NP - 2022 - Ny behandling av utsett sak frå 2019 (saksnr: 2019/8570-6) - Opprusting av solsidevegen Heimsetra - Grotåe i Lundadalen - Eigarlaget Heimraster v/ Ola Moen		2019/8570
ST 6/22	Sak - Breheimen nasjonalparkstyre - Tiltaksmidler - 2022 - Prioritering av tildelte midlar		2021/11729
ST 7/22	Referatsaker		
RS	Fagleg godkjenning av besøksstrategien for Breheimen NP.		2021/2684
ST 8/22	Delegerte vedtak		
DS 1/22	Delegert vedtak - Dispensasjon - Motorferdsel - 2022 - Snødekt mark - Sota sæter - Styggevasshytta - JOSTICE		2021/3660
DS 2/22	Delegert vedtak - Breheimen nasjonalpark - Motorferdsel - 2022 - Transport med snøskuter i samband med vedlikehaldsarbeid på Arentzbu - DNT Oslo og omegn		2022/2726
DS 3/22	Delegert vedtak - Dispensasjon - Motorisert ferdsel - Vigdalen LVO - 2022-2025 - Oddvar Vigdal		2022/2710
DS 4/22	Delegert vedtak - Mysubytta LVO - 2022 - Dispensasjon - Transport av bagasje og utstyr - Ivar og Gudmund Teigen		2022/2653
DS 5/22	Delegert vedtak - Breheimen NP - 2022 - Dispensasjon - Transport av båt - Rolv Flækøy		2022/2568
DS 6/22	Delegert vedtak - Breheimen nasjonalpark - 2021 - Dispensasjon - Transport med helikopter eller snøskuter i forbindelse med skade på hytte i Lundadalen - Kari Banken		2021/12625
DS 7/22	Delegert vedtak - Breheimen NP - 2022 - dispensasjon - motorferdsel på snødekt mark - transport av utstyr i forbindelse med skade på hytte i Lundadalen - Kari Banken		2021/12625

ST 1/22 Godkjenning av innkalling og sakliste - val av to medlemmar til å skrive under protokoll saman med styreleiar /

Saksprotokoll i Breheimen nasjonalparkstyre - 18.03.2022

Nestleiar Jo Trygve Lyngved møteleiar

Protokoll blir signert av Marianne Bugge og Rolv Enersvold, samt møteleiar Jo Trygve Lyngved.

I saklista som vart sendt ut hadde sak om val av styreleiar ikkje vorte med. Val av styreleiar var varsla i utsendinga og blir gjennomført på møtet. Saklista bli retta etter styremøtet slik at valet kjem inn på lista med saksnummer.

Vedtak

Innkalling og sakliste godkjent.

ST 2/22 Sak - Breheimen nasjonalparkstyre - Val av ny styreleiar frå 2022 - 2023 2020/215

Saksprotokoll i Breheimen nasjonalparkstyre - 18.03.2022

Edel Kveen foreslått som styreleiar av Rolv Enersvold.

Edel Kveen einstemmig valt som styreleiar for resten av perioden.

Vedtak

Breheimen nasjonalparkstyre har i styremøte den 18.03.2022 gjort følgande val:

1. Styreleiar for Breheimen nasjonalparkstyre er: Edel Kveen.

Valet av leiar for nasjonalparkstyret er gjort i medhald av reviderte vedtekter, gjeldande frå 1. januar 2020.

ST 3/22 Sak - Mørkridsdalen LVO - Søknad om tilbygg på sel - Dulsete - Per-Arvid Hauge 2021/8929

Saksprotokoll i Breheimen nasjonalparkstyre - 18.03.2022

Orientering om saka av forvaltar.

Vedtatt som innstilt med følgande tilleggsvilkår: Frist for fjerning av øydelagt utedo/bod er 1. oktober 2022.

Vedtak

Breheimen nasjonalparkstyre vedtek å gje Per-Arvid Hauge løyve til å oppføring av tilbygg på stølshuset på Dulsete. Tilbygget er heva 75 cm over bakkenivå, tilsvarande resten av stølshuset som ein tilpassing til flaumhendingar på stølsområdet. Tilbygget er 8,25 m2 og rommar utedo og bod med ein plating for å komme inn i tilbygget, jf. søknad frå grunneigar. Dette er ei erstatning for frittstående bygg som vart øydelagt i flaum i 2018, med same storleik og funksjon.

Løyvet gis med heimel i verneforskrift for Mørkridsdalen landskapsvernområde, § 3 pkt. 1.3 a), og med følgjande vilkår:

- Tilbygget skal utførast i same stil som stølshus.
- Utedo/bod som vart øydelagt i flaumen 2018 skal rivast og fjernast heilt ned til tuftene bygget sto på.
- Frist for fjerning av øydelagt utedo/bod er 1. oktober 2022.
- Sjøppel frå arbeidet med tilbygg og riving av tidlegare bygg skal takast med ut av området, og ikkje gravast ned eller deponerast innanfor verneområdet.
- SNO skal kontrollere at tilbygget er gjennomført i tråd med vedtaket

Vi gjer oppmerksom på at ved søknad om byggeløyve må kommunen også handsame søknaden etter plan- og bygningslova.

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av ein part eller andre med rettsleg klageinteresse, jf. forvaltningslova § 28. Frist for klage er tre veker frå vedtaket er motteke. Ei eventuell klage stilast til Miljødirektoratet, men sendast til Breheimen nasjonalparkstyre.

ST 4/22 Sak - Mørkridsdalen LVO - Søknad om oppsetting av bru/klopp på Dulsete - Kåre Moen 2022/1061

Saksprotokoll i Breheimen nasjonalparkstyre - 18.03.2022

Orientering om saka av forvaltar

Det var forslag i styret om å utsetje saka slik at søkjar kunne utgreie behov for tiltaket.

Avstemming i styret mellom innstilling frå forvaltar og utsetje saka:

Innstilling frå forvaltar: 3 medlemmar (Marianne Bugge, Mark Taylor og Per-Gunnar Sveen)

Utsetting av saken: 2 medlemmar (Jo Trygve Lyngved og Rolv Enersvold)

Breheimen nasjonalparkstyre avslår søknad om bygge bru/klopp over Råsaelvi.

Vedtak

Breheimen nasjonalparkstyre avslår søknad om å bygge bru/klopp over Råsaelvi på Dulsete i Mørkridsdalen landskapsvernområde.

Nasjonalparkstyret meiner det er ikkje er dokumentert behov for tiltaket. Området er allereie tilgjengeleg for folk og beitedyr og vinsten i ny bru/klopp er liten. Vidare er bru/klopp planlagt i eit flaumutsett område med lausmassar som vil gjere installasjonen utsett. Langs Råsaelvi er det registrert svært viktige naturtypar som ved endra tilrettelegging kan bli påverka.

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av ein part eller andre med rettsleg klageinteresse, jf. forvaltningslova § 28. Frist for klage er tre veker frå vedtaket er motteke. Ei eventuell klage stilast til Miljødirektoratet, men sendast til Breheimen nasjonalparkstyre.

ST 5/22 Sak - Breheimen NP - 2022 - Ny behandling av utsett sak frå 2019 (saksnr: 2019/8570-6) - Opprusting av solsidevegen Heimsetra - Grotåe i Lundadalen - Eigarlaget Heimraster v/ Ola Moen 2019/8570

Saksprotokoll i Breheimen nasjonalparkstyre - 18.03.2022

Orientering om saka av forvaltar.

Nasjonalparkstyret har forståing for at tiltaket er ønskjeleg, og vil legge til rette for at det framleis kjem dyr på beite i Lundadalen. Det er likevel fleire spørsmål om korleis tiltaket skal gjennomførast, om det er tilstrekkeleg dimensjonert for framtidige flaumar og kor store inngrep tiltaket vil føre til.

Styret meiner NVE sine merknader i uttala må vegast tungt.

Styret ønskjer ikkje at det skal etablerast ein anleggsveg fram til elvekryssingane. Den ulovleg etablerte vegen er delvis attgrodd og er mange stader meir som ein sti å rekne. For å få fram maskiner til elvekryssingane må det fleire stader gjerast relativt store inngrep som vil vere synlege i lang tid framover. Behovet for motorferdsel i samband med tiltaket er ikkje synleggjort tilstrekkeleg.

Nasjonalparkstyret ønskjer å bidra til at gardbrukarane fortsatt kan få beitedyr trygt fram til Lundadalen. Difor ønskjer styret å sjå vidare på dei føreslegne tiltaka som er skissert langs eksisterande sti i Lundadalen. Det er ein føresetnad at grunneigar er viljug til å tillata at det blir gjort tiltak slik at stigen kan fungere betre for dei som har beitedyr i Lundadalen. I vedlegg til saka er det skissert 6 punkt og strekkingar der ein kan utbetre dagens sti for å gjere denne betre for beitebrukarane. Det er viktig at det er ein god dialog med dei som faktisk har beitedyr i Lundadalen om desse tiltaka. Desse tiltaka vil også nasjonalparkstyret ta kostnaden med dersom styret får løyvingar til dette.

Vedtak

Breheimen nasjonalparkstyre har i styremøte den 18.03.2022 gjeve Ola Moen avslag på søknaden om bygging av bru / klopp over Grotåe og Dalåe i Lundadalen i Breheimen nasjonalpark.

I avslaget legg nasjonalparkstyret vekt på følgande moment:

- NVE sin uttale og vurdering av tiltaket der dei bl.a. skriv: *Det er store faglige usikkerheter knyttet til den vassdragstekniske utforminga....*
- Det er planlagt å gjennomføre noko motorisert ferdsel på barmark langs ein trase som er vurdert som sårbar for denne type ferdsel. Det er ikkje synleggjort korleis resten av den motorisert ferdselen skal skje i samband med tiltaket.
- Det er planlagt uttak av sand i nasjonalparken til støyping av brufundament.
- Det er stor usikkerheit om kva slags påverknad tiltaket vil få for naturgrunnlaget slik tiltaket er framstilt.
- Det er allereie ein etablert stig med bruer som kan tene dette formålet her frå før.

Med bakgrunn i dette blir det vurdert at tiltaket vil kunne påverke verneverdiane og verneformålet på ein negativ måte. Nasjonalparkstyret legg til grunn føre-var-prinsippet i saka og avslaget er gjeven med heimel i § 3 pkt. 1.1 i verneforskrifta for Breheimen nasjonalpark.

Nasjonalparkstyret ønskjer å bistå beitenæringa med tiltak langs den eksisterande stigen slik at det blir betre å drive beitedyr innover Lundadalen. Nasjonalparkstyret vil bidra med arbeidskraft og midlar til gjennomføring av dei tiltaka som er skissert i vedlegget til saka. Tiltaka skal skje i samråd med dei som har beitedyr i området i dag slik at ein kjem fram til gode løysningar. Dette forutsett at beitebrukarar og grunneigarar ønskjer dette.

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av ein part eller andre med rettsleg klageinteresse, jf. forvaltningslova § 28. Frist for klage er tre veker frå vedtaket er motteke. Ei eventuell klage stilast til Miljødirektoratet, men sendast til Breheimen nasjonalparkstyre.

ST 6/22 Sak - Breheimen nasjonalparkstyre - Tiltaksmidler - 2022 - Prioritering av tildelte midlar 2021/11729

Saksprotokoll i Breheimen nasjonalparkstyre - 18.03.2022

Orientering om saka av forvaltar

Sekretariatet har gjort mindre endringar i bestillingsdialogen etter førre møtet, som også vedtaket då opna for:

- No fence. Det er planlagt å prøve ut No Fence-systemet på geit i Høydalen LVO. Etter at aktuell beitebrukar stilte seg positiv til å prøve ut, vart det søkt om midler til innkjøp.
- Mindre midler til skjøtsel ved Mysubytta. Nasjonalparkstyret har ein del timar til gode frå 2021, og det er difor ikkje naudsynt med like mykje i bestillinga.

Breheimen nasjonalparkstyre har midler som er avsett i Skjåk Almenning og Luster kommune i samband med flaumen i 2018. Oppattbygging etter flaumen er ferdig og styret kan difor nytte midlane til andre tiltak. Midlane er tenkt å nyttast til å sikre gjennomføring dei omsøkte tiltaka i 2022, då styret ikkje fekk alt som vart omsøkt. Vidare er «flaummidlane» planlagt nytta til:

- Sårbarheitsvurdering av Dumdalsgrottene
- Tiltak på buforvegen i Mørkridsdalen
- Tiltak på eksisterande sti i Lundadalen

Vedtak

Nasjonalparkstyret godkjenner sekretariatets forslag til fordeling av tildelte midlar i tiltaksplanen (sjå tiltaksplan i vedlegget). Sekretariatet får fullmakt til å arbeide vidare med tiltakslista i 2022 slik som den er presentert i styremøtet den 18. mars 2022.

ST 7/22 Referatsaker /

Saksprotokoll i Breheimen nasjonalparkstyre - 18.03.2022

Fagleg godkjenning av besøksstrategien for verneområda i Breheimen.

Orientering om besøksstrategien av forvaltar.

Gode tilbakemeldingar frå Miljødirektoratet, der det i hovudsak var to innspel:

- Bør ein avvente med å sende besøksstrategien på høyring til rapporten om kvalitetsnorm for villrein er ferdig? Dette vil kunne påverke besøksforvaltinga nokre stader i verneområda i Breheimen.
- Miljødirektoratet ønskjer å bruke Breheimen som eksempel til å få inn eit klimatilpassingskapittel i besøksstrategien.

Vedtak

Nasjonalparkstyret tek den faglege godkjenninga av besøksstrategien til orientering. Utsending av besøksstrategien på høyring blir utsett til kvalitetsnormen for villrein i Breheimen/Reinheimen er offentleggjort.

Fagleg godkjenning av besøksstrategien for Breheimen NP. 2021/2684

ST 8/22 Delegerte vedtak /

Saksprotokoll i Breheimen nasjonalparkstyre - 18.03.2022

Vedtak

Nasjonalparkstyret tek dei delegerte vedtaka til orientering.

DS 1/22 Delegert vedtak - Dispensasjon - Motorferdsel - 2022 - Snødekt mark - Sota sæter - Styggevasshytta - JOSTICE 2021/3660

DS 2/22 Delegert vedtak - Breheimen nasjonalpark - Motorferdsel - 2022 - Transport med snøskuter i samband med vedlikehaldsarbeid på Arentzbu - DNT Oslo og omegn 2022/2726

DS 3/22 Delegert vedtak - Dispensasjon - Motorisert ferdsl - Vigdalen LVO - 2022-2025 - Oddvar Vigdal 2022/2710

DS 4/22 Delegert vedtak - Mysubytta LVO - 2022 - Dispensasjon - Transport av bagasje og utstyr - Ivar og Gudmund Teigen 2022/2653

DS 5/22 Delegert vedtak - Breheimen NP - 2022 - Dispensasjon - Transport av båt - Rolv Flækøy 2022/2568

DS 6/22 Delegert vedtak - Breheimen nasjonalpark - 2021 - Dispensasjon - Transport med helikopter eller snøskuter i forbindelse med skade på hytte i Lundadalen - Kari Banken 2021/12625

DS 7/22 Delegert vedtak - Breheimen NP - 2022 - dispensasjon - motorferdsel på snødekt mark - transport av utstyr i forbindelse med skade på hytte i Lundadalen - Kari Banken 2021/12625